



HAUKÅS JORDSORTERING AS
Almåshaugane 37
5109 HYLKJE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mulen, 5764 3127

Inspeksjonsrapport etter tilsyn hos Haukås Jordsortering AS

Varsel om tvangsmulkt

Kontrollnummer 2024.321.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen
Frå verksemda:
Øyvind Johansen

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Toril Marie Mulen
Kristin Espeset
Observatør frå Bergen kommune:
Ole Rugeldal Sandven

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Haukås Jordsortering AS den 25. april 2024.

Vi viser til brev datert 2. juni 2023 om stans i mottak av jord. I dette brevet står det at verksemda har frist til 1. september 2024 til å fjerne alt av råjord og anleggsgjord for sal frå avfallsanlegget til Haukås Jordsortering AS.

Vi vil med dette varsle at vi vil gjere vedtak om tvangsmulkt pålydande 200 000 kroner dersom verksemda ikkje følger opp vedtaket datert 2. juni 2023 og får fjerna alt av råjord og anleggsgjord for sal frå avfallsanlegget til Haukås Jordsortering AS innan 1. september 2024.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:
Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: HAUKÅS JORDSORTERING AS	
Organisasjonsnr.: 972209260	Eigd av: 856436012
Bransjenr. (NACE-kode): 43.120 - Grunnarbeid	

Kontrollert eining

Namn: Haukås Jordsortering	Anleggsnr.: 4601.0709.01
Kommune: Bergen	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Biologisk behandling av org. avfall	
Løyve gitt: 10.05.2017	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte inspeksjon for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og tilhøyrande forskrifter vert overhaldne. Vi gjennomførte og tilsynet for å kontrollere om pålegg og vedtak som er fatta i saka vert etterlevd.

Vi viser til:

- Inspeksjonsrapport datert 13.9.2022 etter tilsyn 10.09.2022 (med varsel om pålegg)
- Pålegg om undersøkingar datert 29. september 2022
- Varsel om stans i mottak av jord datert 15. februar 2023
- Dialogmøte hos Statsforvaltaren 18. mars 2023
- Brev frå Bergen kommune datert 24. mars 2023
- Brev frå verksemda med framdriftsplan for Haukås Jordsortering datert 8. mai 2023
- Vedtak om stans i mottak av jord og vedtak om fjerning av jord datert 2. juni 2023

Vi har vore på tilsyn hos verksemda 5. februar 2021 og 10. juni 2022. Tilsynet 25. april 2024 er for å kontrollere om verksemda følger vedtak i brev datert 2. juni 2023. Bergen kommune sine undersøkingar i perioden 2020 – 2022 viser at det er svært stor tilførsel av næringsstoff og partiklar frå Travparkbekken i periodar med nedbør og nedgang i tal levande elvemuslingar i Haukåsvassdraget.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.



Tema for inspeksjonen var:

- Vi gjennomførte tilsynet for å kontrollere om pålegg og vedtak som er fatta i saka vert etterlevd

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

- Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.
- Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Vi gir ikkje verksemda avvik etter inspeksjonen.

Vi minner verksemda om dei vedtaka som er fatta i brev datert 2. juni 2023 om stans i mottak av jord. I dette brevet står det at verksemda har frist til 1. september 2024 til å fjerne alt av råjord og anleggjord for sal frå avfallsanlegget til Haukås Jordsortering AS.

6. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 25. april 2024. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventna ressursbruk må Haukås Jordsortering AS betale eit gebyr på 31.200 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.



7. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

8. Avvik

Vi gav ingen avvik og ingen merknader under inspeksjonen.

9. Andre forhold

Kommentar til observasjonar under kontrollen 25. april 2024

Under kontrollen 25. april 2023 var det framleis store mengder jord som låg inne på anlegget. Verksemda gav uttrykk for at det hadde vore lite sal ut av anlegget i 2023. Vi minner verksemda om vedtak som er fatta i brev datert 2. juni 2023 om stans i mottak av jord. I dette brevet står det at verksemda har frist til 1. september 2024 til å fjerne alt av råjord og anleggsjord for sal frå avfallsanlegget til Haukås Jordsortering AS.

Varsel om tvangsmulkt

Vi vil med dette varsle at vi vil gjere vedtak om tvangsmulkt pålydande 200 000 kroner dersom verksemda ikkje følger opp vedtaket datert 2. juni 2023 og får fjerna alt av råjord og anleggsjord for sal frå avfallsanlegget til Haukås Jordsortering AS innan 1. september 2024. Heimel for ei eventuell tvangsmulkt er forureiningslova § 73. Tvangsmulka vil kome på dersom vi ikkje har motteke stadfesting på at råjord og anleggsjord er levert til godkjent mottak innan tre veker etter at vedtak om tvangsmulkt vert gjort.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

Kommentar til eigenkontrollrapporten for 2023

I eigenkontrollrapporten for 2023 oppgir Haukås Jordsortering AS at de har teke imot 4978 m³ hestemøkk. Verksemda skriv vidare i eigenkontrollrapporten at av dette er ca 20 % trespon/flis, og at hestegjødsle utgjør rett under 4000 m³. I løyvet til verksemda frå 2017 står det at mengde ein kan motta ved anlegget er 4000 m³ hestemøkk og 400 m³ filterkake. Det står ikkje i løyvet at det kan takast imot trespon/flis utover grensa på 4000 m³ hestemøkk.

Nyttig og reell bruk av råjord og anleggsjord

Vi viser til forureiningslova § 7 som omtalar plikt til å unngå forureining. Ingen må ha, gjere eller sette i verk noko som kan medføre fare for forureining utan at det er lovleg etter §§ 8 og 9, eller er gitt løyve til etter vedtak i medhald av § 11.

Når Haukås Jordsortering AS skal selje jord må verksemda sørge for at jorda kjem til nyttig bruk og ikkje medfører forureining.



10. Meir informasjon

Statsforvaltaren vil også rettleie, dersom de har spørsmål.